

VEDTEKTER FOR SFO – SOGNDAL KOMMUNE frå skuleåret 2019/ 2020

Vedteke i fellesnemnda 24.01.2019 sak 9/19, i kommunestyret i Balestrand 14.02.2019 sak 11/19, vedteke i kommunestyret i Leikanger, dato, vedteke i kommunestyret i Sogndal 14.02.2019 sak 11/19, med heimel i lov 17. juni 1998 – Opplæringslova §13-7.

1. Definisjon og verkeområde

Vedtekta er gjeldande for alle skulefritidsordningane i Sogndal kommune.

Skulefritidsordninga er eit frivillig pedagogisk omsorgs- og aktivitetstilbod utanom den obligatoriske undervisninga, før og etter skuletid til born i 1. – 4. klasse, og for born med særskilde behov på 1. – 7. klasse.

Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn, den skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar og vere tilpassa barna og foreldra sitt beste. Barn med særskilde behov skal givast gode utviklingsvilkår. Dette skal skje i nær forståing og samarbeid med heimen, og i samsvar med skulen sitt føremål. Areala både ute og inne, skal vere eigna for formålet (jf. [Opplæringslova § 13 – 7](#)). Skulefritidsordninga skal drivast i samsvar med sentrale og kommunale vedtak, kvalitetsplan for SFO og plan for den einskilde eining.

2. Eigartilhøve

Sogndal kommune er eigar og ansvarleg for drift av alle skulefritidsordningane i kommunen. Kommunestyret er ansvarleg styringsorgan for SFO.

3. Føremål

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barn. Dette skal skje i nær forståing og samarbeid med heimen og i samsvar med skulen sitt føremål. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilby aktivitetar som fremjar god fagleg og sosial utvikling. Barn med særskilde behov skal givast gode utviklingsvilkår.

Barns rett til medverknad, jf. Barnekonvensjonen artikkel 12, gjeld og for skulefritidsordninga ([Barnekonvensjonen art.12](#)).

4. Bemannning og leiing

Det er rektor på den einskilde skule som er fagleg og administrativ ansvarleg for SFO.

Rektor har ressurs på 8% som pedagogisk og administrativ leiar. Planleggingstid for tilsette vert innarbeidd i arbeidsåret. Dersom det i skulefritidsordninga er innskrive 60 barn eller meir, skal det som hovudregel tilsetjast dagleg leiar i heil stilling. Tid til leiing vert mindre dersom SFO har færre barn, men det skal setjast av minimum 20 % av heil stilling til leiing¹.

I tillegg til SFO-leiar skal det vere ein miljørettleiar/ fagarbeidar/assistent pr. 15 born. Dersom det er elevar med særskilde behov, skal det tilsetjast bemanning etter behovet.

¹ <https://www.ks.no/globalassets/blokker-til-hvert-fagomrade/arbeidsgiver/tariff-lov--og-avtaleverk/barnehageavtalen-sfs-2201---ny-avtale-01.01.2016--31.12.2017.pdf>

Rektor kan delegera det pedagogiske-, personal- og økonomiske ansvar for den daglege drifta til ein SFO-ansvarleg. Det er rektor sitt ansvar at det er eit tett samarbeid mellom skulen si leiing og den som har det daglege ansvaret for SFO. Skulen sitt samarbeidsutval er òg ansvarleg for aktiviteten på SFO.

5. Opptaksmynde

Opptak til skulefritidsordninga vert gjort ved den einskilde skule ved tenesteleiari. Vedtak om plass i SFO er eit enkeltvedtak og det er difor klagerett etter §28 i Forvaltningslova. Det er formannskapet som er klageinstans, men klag skal likevel sendast til den skulen som har fatta enkeltvedtaket.

6. Opptaksvilkår

Ein føresetnad for inntak til SFO er at alle restansar i høve til foreldrebetaling i SFO skal vere oppgjort, eller i samsvar med betalingsavtale.

Søkjarar som søker etter fristen vert sett på venteliste, og ved ledig kapasitet vert det gjort følgjande prioriteringar:

1. Barn med særskilde behov (1. – 7. trinn)
2. Barn med vedtak av [lov 17. juli 1992 nr. 100 om barnevernstenester](#) (barnevernslova).
3. Yngre elevar vert prioritert føre eldre.

7. Opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen

Søknadsfristen til hovudopptak for skulefritidsordninga er 1. april.

Det er høve til å ta opp barn i ordninga i løpet av året.

7.1 Særlege vilkår for ferie – SFO

- Ut i frå bemanningssituasjonen på den einskilde SFO kan ein søkje ferieplass etter følgjande prioriteringar:
 1. Dei som har SFO – plass frå før
 2. Som i punkt 6

Ein har plassen på SFO til barnet går ut av 4. klasse, eller til den vert sagt opp skriftleg, det skal ikkje søkjast på nytt kvart år. Det skal nyttast elektronisk påmeldingsskjema/endringsskjema til SFO. Dette ligg på kommunen si heimeside. Informasjonsbrosjyre og informasjon om betalingssatsar skal vere tilgjengeleg i god tid på kommunen og skulen sine heimesider, i kommunen sin serviceekspedisjon og i barnehagane.

Det er 1 månad oppseiingsfrist/endringsfrist. Melding om oppseiing/endring må vere motteken før den 1. i månaden. Ein må betale i oppseiingstida sjølv om plassen ikkje blir nytta. Ved endring av plass til ein mindre plass gjeld oppseiingstida som for oppseiing. Ved endring til større plass gjeld betaling frå avtalt endringsdato.

Det er likevel slik at siste oppseiingsfrist før sommaren er sett til 1. mai, då juli er betalingsfri månad.

Rektor har høve til å seie opp plassen med ein månads varsel frå den 1. i kvar månad, dersom det føreligg vesentleg misleghald. Før ei eventuell oppseiing skal føresette få skifteleg varsel og høve til å rette opp varselet. Ved ikkje betalt opphaltsbetaling kan ein inngå ein avtale med økonomiavdelinga om ein nedbetalingsplan.

Vesentleg misleghald vil seja:

- Ikkje betalt opphaldsbetaling
- Dersom avtalt opphaldstid vert overskride gjentekne gonger.

Plass som ikkje blir nytta og som ikkje er skriftleg oppsagt må ein betale for.

6 åringar som byrjar frå nytt SFO – år får fritak frå foreldrebetaling for august i barnehagen.

8. Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret i samband med årsbudsjettet. Årsbetalinga vert fordelt på 11. månader, der juli er betalingsfri månad.

Prisjustering i høve konsumprisindeks vert ikkje informert om, men større prisendringar ved foreldrebetaling skal informerast om i god tid før den trer i kraft.

For familiar med låg samla skattbar inntekt vert det gjeve redusert foreldrebetaling i SFO. Betalinga vert til 50% av vanleg sats, dette gjeld også kjøp av enkeltdagar og enkeltveker. Kommunestyret vedtek årleg kva grensa i samla skattbar inntekt er for å få redusert foreldrebetaling grunna låg inntekt.

Moderasjonsordningar for familiar med fleire born i SFO

Vi gjev søskenmoderasjon ut i frå gjeldande satsar:

- 2 barn - 30 % moderasjon på det barnet som er yngst
- Ved 3 barn eller fleire blir det gitt 50 % moderasjon frå og med barn 2
- Moderasjon/avslag blir rekna ut frå det/dei barna som er yngst.
- Dersom barn får leksehjelp i SFO – tida vil foreldrebetalinga bli redusert. Nivået på reduksjon vil blir fastsett årleg saman med betalingssatsar.

Alle aktivitetar, også heildagsturar i skulen sin ferie skal vera gratis og tilgjengeleg for alle elevar i skulefritidsordninga.

Matpengar for SFO kjem i tillegg til gjeldande betalingssatsar for ettermiddag, ferieplass og heilplass. Born har med eigen nistepakke for morgenøkta i SFO. Matsatsen vert fastsett årleg i samband med årsbudsjettet.

Betalingsfri ved langt sjukefråvær

Dersom barnet er vekke frå SFO - plassen sin ein månad eller meir på grunn av skade / sjukdom, kan ein få fritak frå 1.dag i etterfylgjande månad som barnet vert teke ut av SFO.

Føresette må ved slike høve sende ein formell søknad til skuleeigar / SFO – eigar om fritak for betaling for den perioden barnet er vekke, og leggje ved legeerklæring.

9. Leike – og opphaldsareal

Generelle krav som blir stilt til leike og opphaldsareal i SFO er dei same krava som gjeld for skulen. Krava er dei som kjem fram av opplæringslova kapittel 9A, folkehelselova, arbeidsmiljølova, forskrift om miljøretta helsevern, plan- og bygningslova. Godkjenning av lokala blir gjort med bakgrunn i dette regelverket.

Skulefritidsordninga skal nytte skulen sine lokale og uteområde. Areala både ute og inne skal vere eigna for føremålet. Det skal ved kvar skule vere lokale som skal tene som base for skulefritidsordninga.

10. Dagleg oppholdstid og årleg opningstid

Eit SFO-år går frå veke 31 til og med veke 26.

Dagleg opningstid i SFO er som hovudregel frå kl. 07.30 til kl. 16.30. Rektor på den einskilde skule kan i samråd med SU gjere vedtak om avvikande opningstid.

Skulefritidsordninga har ope alle virkedagar med følgjande unntak som SFO er stengd:

- 4 veker i juli (veke 27 – 30)
- 4 planleggingsdagar for personalet
- Julaftan og nyårsaftan
- SFO stengjer 12.00 onsdag før skjærtorsdag

Dersom det er 4 eller fleire som ynskjer ferie – SFO gir ein tilbod på den einskilde SFO. Er det mindre enn 4 kan det verte aktuelt å gi anna tilbod, td. i barnehagen ved den aktuelle skulestaden.

I særavtalen mellom KS og arbeidslivsorganisasjonane er det bestemt at det skal avsetjast 37,5 timer pr. år til planlegging og samarbeid for personalet ved den einskilde skulefritidsordning². For at SFO - ane i kommunen skal få anledning til felles planlegging, kurs eller samarbeid med skule eller andre instansar har vi føresleger følgjande organisering:

- 2 dagar før skulestart (1 av dagane i samband med planleggingsdag for lærarar/andre tilsette i skulen og ein i nettverk med andre SFO – ar i kommunen / region).
- 1 dag i haustferien i samband med planleggingsdag i barnehagen
- 1 dag før oppstart i januar til planlegging saman med tilsette på skulen eller i nettverk med andre SFO – ar i kommunen / region.
- 1 dag organiserast innad på skulen i løpet av vårhalvåret (ettermiddagar).

11. Plassstilbod

| Type plass: |
|---|
| Morgenplass eks. ferie |
| Ettermiddagsplass eks. ferie |
| Ettermiddagsplass (2 faste ettermiddagar pr. veke, eks.ferie) |
| Heil plass eks. ferie |
| Heil plass inkl. ferie |
| Ferieplass |

12. Regelverk

Berre nokre få av opplæringslova sine reglar gjeld for SFO. For utan § 13-7
Skolefritidsordninga gjeld § 14-1 *Statleg tilsyn*, § 15-1 *Bruk av forvaltningslova*, § 9 *Elevane sitt skolemiljø*, § 10-9 *Politiattest*, § 11-1 *Samarbeidsutval og kapittel 12 i forskrift til opplæringslova Tryggleik for elevane*.

SFO og leksehjelp er ikkje en del av skuletida og er difor ikkje omfatta av kommunen sitt ordensreglement. Kravet til skolemiljøet gjeld og for skulefritidsordninga, kap.9A i

² <https://www.ks.no/globalassets/blokker-til-hvert-fagomrade/arbeidsgiver/tariff-lov--og-avtaleverk/barnehageavtalen-sfs-2201---ny-avtale-01.01.2016--31.12.2017.pdf>

opplæringslova. Dette gjeld og når SFO omfattar aktivitetar utanfor skulen sitt område, eller blir driven i lokale utanfor skulen.

13. Legemiddelhandtering på SFO

Dersom tilsette i SFO skal handtere legemiddel, skal ein ha skriftleg avtale med føresette om dette. Tilsette skal og få kyndig opplæring / rettleiing ved hjelp til legemiddelhandtering³.

14. Politiattest

Alle som blir tilsett i SFO skal levere politiattest ved tilsetting, denne skal ikkje vere eldre enn 3 månader, jf. Forskrift til Opplæringslova § 15 .

15. Skyss

Barn som har plass i SFO og som på grunn av funksjonshemming eller midlertidig skade eller sjukdom som har behov for skyss, har rett til skyss til og frå SFO. Retten gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og SFO. Retten gjeld ikkje i skuleferiane.

Andre barn som har rett til skuleskyss til og frå skulen (jfr opplæringslova § 7-1), har ikkje rett til skyss til og frå SFO.

Dersom tilsette skal nytte private bilar, må dette avklarast med den tilsette og eleven sine føresette, jf. Utdanningsdirektoratet sine retningslinjer om «Transport av elevar i private bilar»⁴

Det skal fyllast ut eit samtykkjeskjema om bruk av privat bil til frakting av elevar i regi av skulen før reisa blir føreteke.

16. Forsikring

Ein nyttar her forsikringsavtalen til Sogndal kommune. Borna er forsikra i den tida dei oppheld seg på SFO og på direkte veg til og frå.

³ https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/hod/dokumenter-fha/rundskriv/i-5_2008_rundskriv-av-11_06_08---rettet-14_08_08.pdf

⁴ <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Skoleskyss/Transport-av-elever-i-private-biler/>